



Innkalling
av
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 09.12.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 09:00 - 10:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
074/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
075/21	Godkjenning av møteprotokoll – 09.11.2021
076/21	Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentlig ettersyn, planprogram

2. desember 2021

Christel Villanger Håland
møteleiar

Nora M. K. Gjerde
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.12.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
074/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.12.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.12.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
075/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.12.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.



Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 09.11.2021
Møtestad: Kommunehuset Frekhaug
Møtetid: 09:00 - 16:00

Diverse merknader:

Kl. 09:00 presentasjon ved styrar av følgjande barnehagar i Alver:

Austebygd barnehage, Bø barnehage, Prestmarka barnehage, Grindheim familiebarnehage og gardsbarnehage, Sæbø barnehage, Lykkeliten barnehage.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Nestleiar

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Jon Askeland
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Astrid Namtvedt Sylta-rådgjevar Oppvekst stab, Eirik B. Utne-kultursjef, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Mette M. Træland-rådgjevar Oppvekst stab, Mona Hagewick, tenesteleiar for Barnehage, Robert Lorang Hansen-ungdomskoordinator, Rolf Raknes-fagansvarleg Plan og analyse, Sissel Frotjold-tenesteleiar Barnevern, Solveig Beate Elvik-rådgjevar Oppvekst stab, Nora Gjerde-politisk sekretariat.

Sakliste

Saknr	Tittel
063/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
064/21	Godkjenning av møteprotokoll
065/21	Tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne 2021
066/21	Prioritering av søknader om spelemidlar 2022
067/21	Retningsline for barnehageopptak i Alver kommune
068/21	Retningsliner for tildeling av tilskot til private barnehagar
069/21	Tilstandsrapport for Alver barnevernteneste 2021
070/21	Framlegg til høyringsvar - forslag til ny opplæringslov og endringar i friskulelova
071/21	Leksehjelp i grunnskulen
072/21	Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020/2021
073/21	Meldingar og orienteringar til OKK - 09.11.2021

063/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Behandling:

Endring rekkefølge sakliste: Sak 063, 064, 073 orientering nr.1-3, 069, 065, 066, 073 orientering nr.4, 067, 068, 070, 071, 072/21.
Ellers ingen merknader, samrøystes.

OKK- 063/21 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

064/21: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte - 12.10.2021 vert godkjent, samrøystes.

OKK- 064/21 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte - 12.10.2021 vert godkjent.

065/21: Tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner følgjande fordeling av tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne 2021:

Liv Unneland	Jordkjellar, gbnr. 137/14 Alver	15 000 kr.
Line Valle og Tore Andre Sines	Jordkjellar, gbnr. 153/2 Valle	10 000 kr.
Claus Sellevoll	Gardsveg til Lammaneset, 147/2 og 3, Sellevoll	10 000 kr.
Nordhordland veteranbåtlag	Restaurering av DS Oster	85 000 kr.
Elisabeth og Stein Otto Hole	Lemstove, gbnr 103/7 Fjellanger	40 000 kr.
Ole Johnny Olsen	Potetkjellar, gbnr 436/28 Sætre	30 000 kr.
Aina Isdal Haugland	Lemstove, gbnr 185/5 Isdal	10 000 kr.
Claus Sellevoll	Sjøveg/byvegen, gbnr 147/2 og 3	50 000 kr.
Sindre Langeseter	Løe, gbnr. 166/1 Kopperdal	50 000 kr.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 065/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner følgjande fordeling av tilskot til meirkostnader ved istandsetjing av nyare tids kulturminne 2021:

Liv Unneland	Jordkjellar, gbnr. 137/14 Alver	15 000 kr.
Line Valle og Tore Andre Sines	Jordkjellar, gbnr. 153/2 Valle	10 000 kr.
Claus Sellevoll	Gardsveg til Lammaneset, 147/2 og 3, Sellevoll	10 000 kr.
Nordhordland veteranbåtlag	Restaurering av DS Oster	85 000 kr.
Elisabeth og Stein Otto Hole	Lemstove, gbnr 103/7 Fjellanger	40 000 kr.
Ole Johnny Olsen	Potetkjellar, gbnr 436/28 Sætre	30 000 kr.
Aina Isdal Haugland	Lemstove, gbnr 185/5 Isdal	10 000 kr.
Claus Sellevoll	Sjøveg/byvegen, gbnr 147/2 og 3	50 000 kr.
Sindre Langeseter	Løe, gbnr. 166/1 Kopperdal	50 000 kr.

066/21: Prioritering av søknader om spelemidlar 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av søknader om spelemidlar 2022 slik det ligg føre i saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 066/21 Vedtak:

Innstilling i OKK - 09.11.2021:

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av søknader om spelemidlar 2022 slik det ligg føre i saka.

067/21: Retningsline for barnehageopptak i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Framlegg til retningsline for opptak til barnehage i Alver kommune blir sendt ut på høyring. Frist for å kome med innspel er sett til 07.01.22.»

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 067/21 Vedtak:

«Framlegg til retningsline for opptak til barnehage i Alver kommune blir sendt ut på høyring. Frist for å kome med innspel er sett til 07.01.22.»

068/21: Retningsliner for tildeling av tilskot til private barnehagar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune følger Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ved tildeling av tilskot til private barnehagar.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 068/21 Vedtak:

Innstilling i OKK - 09.11.2021:

Alver kommune følger Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ved tildeling av tilskot til private barnehagar.

Alver formannskap 11.11.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 097/21 Vedtak:

Alver kommune følger Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ved tildeling av tilskot til private barnehagar.

069/21: Tilstandsrapport for Alver barnevernteneste 2021**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Tilstandsrapport for Alver barnevernteneste 2021 vert tatt til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:**Behandling:**

Orientering til saka v/Sissel Frotjold-tenesteleiar Barnevern
Tilstandsrapport for Alver barnevernteneste 2021 vert tatt til orientering, samrøystes.

OKK- 069/21 Vedtak:

Tilstandsrapport for Alver barnevernteneste 2021 vert tatt til orientering.

070/21: Framlegg til høyringsvar - forslag til ny opplæringslov og endringar i friskulelova**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune sender inn høyringssvar i samsvar med Rådmannen sitt framlegg.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:**Behandling:**

Orientering til saka v/Solveig Beate Elvik-rådgjevar Oppvekst stab
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 070/21 Vedtak:**Uttale i OKK - 09.11.2021:**

Alver kommune sender inn høyringssvar i samsvar med Rådmannen sitt framlegg.

071/21: Leksehjelp i grunnskulen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til retningsline for organsiering av leksehjelptilbodet i Alver kommune blir sendt på høyring. Frist for å kome med innspel er sett til 07.01.22.

Ungdomsråd 08.11.2021:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 051/21 Vedtak:

Tatt til orientering.
Ungdomsrådet kjem med innspel i neste møte.
Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 071/21 Vedtak:

Framlegg til retningsline for organsiering av leksehjelptilbodet i Alver kommune blir sendt på høyring. Frist for å kome med innspel er sett til 07.01.22.

072/21: Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020/2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020-2021 vert tatt til orientering.

Ungdomsråd 08.11.2021:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 049/21 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020-2021 vert tatt til orientering.

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Behandling:

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 072/21 Vedtak:

Innstilling i OKK - 09.11.2021:

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020-2021 vert tatt til orientering.

073/21: Meldingar og orienteringar til OKK - 09.11.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Behandling:

Kl. 09:00 var det presentasjon ved styrarar for følgjande barnehagar i Alver: Austebygd barnehage, Bø barnehage, Prestmarka barnehage, Grindheim familiebarnehage og gardsbarnehage, Sæbø barnehage og Lykkeliten barnehage.

Følgjande meldingar og orienteringar vart gjevne i møtet:

1. Kompetansesenter for ungdom og arbeid v/Aina Merete Steinsland-prosjektleder NAV
2. MOT v/Robert Lorange Hansen-ungdomsordinator og Rvand Kashtanjeva-ung motivator
3. Kommunedelplan for Oppvekst v/Rolf Raknes-fagansvarleg Plan og analyse og Kristin Moe-kommunalsjef
4. Frivillighetsåret 2022 v/Eirik B. Utne-kultursjef

Meldingar vert tekne til orientering, samrøystes.

OKK- 073/21 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Arkiv: <arkivID><jplD>
Plannavn-
Kommunedelplan
for kultur, idrett og
friluftsliv, Komnr-4631,
FA-L01

JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 06.09.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
076/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.12.2021

Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentlig ettersyn, planprogram

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen rår til at framlegg til planprogram blir lagt ut slik det ligg føre.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for Oppvekst, Kunnskap og Kultur.

Bakgrunn

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv (KDP KIF) er bestilt i planstrategi for Alver kommune 2021-2024, vedtatt i kommunestyret sak 021/9608 den 25.03.2021.

KDP KIF vil ha vesentleg verknad for miljø og samfunn. Plan- og bygningslova seier at det då skal utarbeidast eit planprogram. Planprogrammet viser korleis kommunen ønsker å arbeide med kommunedelplanen, kva tema vi ønsker å fokusere på, korleis vi vil involvere innbyggjarar til medverknad og få råd og innspel til ønska samfunnsutvikling. Planprogrammet deler også kunnskap om dei mest sentrale utviklingstrekk til kommunen.

For å ivareta omsynet til samordning i overordna planlegging er prosessansvaret lagt til tenesteområdet plan og analyse, medan fagansvaret ligg til tenesteområdet kultur.

Saksopplysninger:

Alver kommune styrer no etter planverket i dei tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy. Kommuneplanen sin samfunnsdel er førande for planarbeidet. Alver kommune sin første samfunnsdel er under utarbeiding og skal etter planen bli vedtatt våren 2022. Hovudmåla er henta frå nokre av delmåla til kommuneplanen sin samfunnsdel, som er på høyring. Samfunnsdelen inneheld fleire delmål som dreier seg om kultur. Hovudmåla til KDP KIF kan justerast undervegs i prosessen, basert på samfunnsdelen. Samfunnsdelen knyt også ei rekke «vegval» (strategiar) til delmåla, som skal jobbast vidare med i KDP KIF. Vidare skal det knytast tiltak til strategiane.

Vedlagt framlegg til planprogram har følgande innhald:

1. Bakgrunn
2. Føremål
3. Utviklingstrekk og sentrale tema
4. Visjon og mål

5. Avgrensing av innhald
6. Planprosess
7. Kva skal planen heite?
8. Føringer for planarbeidet

Organisering av arbeidet

Arbeidet med KDP KIF er organisert som eit prosjekt og blir gjennomført etter ein bestemt metodikk. Prosjektet har ei administrativ styringsgruppe, prosjektleiar, prosjektgruppe og ulike referanse- og arbeidsgrupper. Utval for oppvekst, kunnskap og kultur er politisk styringsgruppe for arbeidet.

Arbeidet blir som nemnd koordinert med kommuneplanen sin samfunnsdel, som er i slutfasen. Kommunedelplanane for oppvekst og helse er også i slutfasen. Dei inneheld mykje nyttig kunnskap for kdp kif og denne kunnskapen blir nytta i planarbeidet. Vidare blir KDP KIF koordinert med kommuneplanen sin arealdel, som startar opp i 2022.

Medverknad og kunnskapsinnhenting

Hausten 2020 blei det gjennomført eit breitt medverknadsopplegg, «Felles medverknad», for kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunedelplan for helse og omsorg og kommunedelplan for oppvekst.

Mykje av kunnskapen frå Felles medverknad, er relevant for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv (KDP KIF), og er del av kunnskapsgrunnlaget. Vedlegg 2 summerer samla kunnskapsgrunnlag. Meir medverknad og kunnskapsinnhenting skal gjennomførast i perioden januar – juni 2022. Det skal utarbeidast ein medverknadsplan med deltakarar og datoar. Medverknadsopplegget til KDP KIF vil følgje prinsippa frå Felles medverknad (vedlegg 3). Kapittla «Hovudaktivitetar» og «Framdriftsplan: Hovudaktivitetar 2020» fungerer som dømer for korleis medverknad kan gjennomførast.

Vidare prosess

Framlegg til planprogram skal, etter at det er ferdig handsama i Utval for Oppvekst, Kunnskap og Kultur, leggest ut til offentleg høyring og ettersyn i minst seks veker. Kommuneplanen sin samfunnsdel er på høyring fram til 15. februar. For å unngå for stor overlapp med samfunnsdelen sin høyringsperiode, blir planprogrammet til KDP KIF lagt ut på høyring 17. januar - 27. februar 2022. Det blir sendt direkte til partar som har interesser for planarbeidet. Det blir også annonsert i lokalavisa og gjort tilgjengeleg på heimesida til kommunen. I tillegg skal kommunen arrangere informasjonsmøte. Dette gjer vi for å sikre medverknad frå innbyggjarar og offentlege mynde tidleg i planprosessen. Planprogrammet blir eventuelt justert i samsvar med innkomne merknader, før det på nytt blir sendt til innstilling til Utval for Oppvekst, Kunnskap og Kultur og blir endeleg fastsett i Kommunestyret.

På bakgrunn av dette blir no framlegg til planprogram for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv lagt fram for vedtak om høyring og offentleg ettersyn.

Vedlegg i saka:

1. Planprogram

2. Kunnskapsgrunnlag
3. Felles medverknad, For Kommuneplanen sin Samfunnsdel og kommunedelplanane for Oppvekst og Helse.

Vedlegg i saken:

01.12.2021	2 Kunnskapsgrunnlag for Planprogram til Kommunedelplan for kunltur idrett og friluftsliv	1653203
01.12.2021	3 Felles medverknad	1653204
01.12.2021	1 Planprogram for Kommunedelplan for kultur idrett og friluftsliv	1653205